

Kart for engleverkstad og julegrantenning.

29.11.2017



Litt av alle blåskjela som skal bli til englar.

Biletet over viser blåskjel som ligg til tørk. Fredag førstkommande skal dei verta til flotte englar på engleverkstaden i Uskedal kyrkje i samband med julegrantenninga. Julegrana er også klar til å tennast. Mandag var den faste pyntegjengen, Lars Myklebust, Ståle Eik og Knut Steinsletten, i aktivitet, og fekk på lass dei 70 pærene fordelt på 7 lenkjer i tillegg til pæra i toppen.

Tenninga skjer kl.17 fredag til julemusikk av Uskedal musikklag. Dette er 55. gong den flotte julegrana vert tent i sentrum av bygda, og musikklaget har i alle år sytt for pynting og musikk i samband med tenninga.

Engleverkstaden var nytt på programmet i fjor, det vart ein stor suksess. Menge barn med foreldre møtte i kyrkja og det vart laga flotte englar i ulike variantar. Dette kjekke tiltaket vert fulgt opp i år, og det startar litt etter at Grano er tend. Då er det berre å ta turen i kyrkja.

Nytt i år er det at dei aktive ungdommane i DNT Ung Kvinnherad stiller opp og grillar pinnebrød om veret tillet det. Og grilling vert, for vergudane har lova å vera i godlag for å vera med og skapa den rette førjulstemninga på fredag.

Som vanleg er det Damevennen som står for hovudarrangementet, og dei byr på grautsal i Helgheimskjellaren,

peparkakepynting og salg av lappar og kaffi oppe i Helgheim, kaffi og gode kaker i Gamleskulen.

Børsdalsnissen er reist på internasjonalt oppdrag så han vert ikkje med dette året, men truleg dukkar det opp einkvan av dei andre frå den snille nissefamilien i Børsdalen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Nelly Kjærland